


200709470-3  
VMU/TSP  
315

NESSET FJELLSTYRE



NVE  
Konsesjons og tilsynsavd.  
Postboks 5091

0301 Oslo

Eresfjord, 15.01.08

**Uttale ang. revisjon av konsesjonsvilkår for Aurareguleringa.  
NINA rapport 266, reetablering av villreinstrekk, Aursjømagasinet.**

Nesset Fjellstyre ser at det er viktig at reinstreka mellom Snøhetta vest og Snøhetta aust vert reetablert. I dag er det truleg minimal utveksling av dyr mellom dei to områda.

**Fleire tiltak, Torbuhalsen.**

Etter Aurareguleringa vart alle trekkvegane stengt av Aursjøen, kraftlinjer, veger, hytter og auka ferdsel. Ved reetablering er det viktig at ein ser alle stengsla i samanheng. Kva som må gjerast på lang sikt er enno usikkert, men truleg må det gjennomførast fleire tiltak. I tillegg til terskelbygging kan det vere å legge deler av kraftliner i jordkabel, restriksjon på ferdsel, flytting av hytter m.m.

Ein bør og sjå på om ikkje andre trekkruter og kan vere aktuelle å reetablere. Over Torbuhalsen har ein ikkje problem med terskelbygging og hytter, og det er mulig at ein her kan oppnå gode resultat utan store kostnader. Reinen sirkulerer over store område, og ei trekkrute er ofte avhengig av at andre trekkruter fungerer.

**GPS/VHF merking**

Vi har i dag liten kunnskap om i kor stor grad det er trekk av rein mellom aust og vest. Nesset Fjellstyre vil sterkt gå inn for at det vert sett i gang GPS/VHF merking av rein. Då vil ein få data som gjev svar på tilstanden i dag, og ein kan måle effekten av positive og negative tiltak etter kvart som dei vert sett i verk. Slike data vil og vera viktig ved planlegging av utbyggingar, opningsdato for vegar, effekt av kraftlinjer, skitrekk m.m.

**Nesset Fjellstyre ser det som svært viktig at arbeidet med GPS/VHF merking av rein kjem i gang snarast råd.**

### **Terskelbygging.**

Ein terskel ved Gåsbuosen vil vere eit stort naturinngrep, varierande etter kvar ein kan hente masse, og kor høg den skal vere. Ein terskel på kote 856 kan fungere heile året, medan ein terskel på 853 kan fungere vinter/vår/sommar før Aursjøen er full.

Nesset Fjellstyre meiner at høgda på ein terskel kan ein koma attende til når ein veit kva resultat GPS/VHF merking vil gje. Ei eventuell framtidig terskelbygging er Statkraft sitt ansvar.

### **Auke reinsstammene.**

Iflg. beitegranskningar utført av Eldar Gaare er det mulig å auke reinsstammene i Snøhetta i stor grad. I dag brukar reinen stort sett dei mest sentrale beiteområda. Skal ei få reinen til igjen å nytte utkantane, og dei gamle trekkrutene, bør talet på rein aukast. Ein såg tydeleg i Snøhetta vest, før raset ved Svarthø, at dyra nytta området mot Isfjorden, Eikesdal og Øverås i stadig aukande grad etter kvart som reinsstamma auka.

Med helsing

**Nesset Fjellstyre**



*Dag Ringstad  
Sekretær*

*Torstein Oppigard  
Leiar*

Kopi: Nesset Kommune  
Eikesdal Sameige  
Eikesdal Grunneigarlag.